

Pressemelding, 22.april 2015

Tidens høgaste søkjartal til høgare utdanning

127 929 personar har per april 2015 søkt til høgare grunnutdanning gjennom Samordna opptak. Dette er omlag 8000 fleire søkjarar enn i 2014, det vil seie ein auke på 6,7 %.

- Det er ein overraskande stor auke i søkjarar til høgare utdanning frå i fjor. Det er gledeleg at så mange søker seg til utdanningar der samfunnet spør etter arbeidskraft, slik som lærar, sjukepleiar og realfag, seier seksjonsleiar i Felles studieadministrativt tenestesenter, Bente Ringlund Bunæs.

Utdanningsområde og -typar

13 utdanningsområde har oppgang i søkinga, mens tre utdanningsområde går ned samanlikna med søkinga i fjor.

Av dei største utdanningsområda og -typar er auken størst for vernepleiar (+ 21 %), sjukepleiar, pedagogiske fag og informasjonsteknologi, alle med omkring 17 % fleire søkjarar. Søkinga til realfag (+11 %) har òg eit solid oppsving i år.

Innanfor lærarutdanningane har både grunnskulelærerutdanning 1.-7.-trinn og grunnskulelærerutdanning 5.-10.trinn ein auke på 8 %. Barnehagelærerutdanninga har tilnærma lik søking i år som i fjor.

Innanfor helsefag er det farmasi som har den største auken frå i fjor med 30 % oppgang, men også radiograf og ergoterapi er blant utdanningstypene med stor prosentvis oppgang. Medisin har ein liten nedgang i søkinga på 2 %.

Mediefag har ein nedgang for tredje året på rad, og går i år ned med 5 %. Maritime fag (- 12 %) og ernæring (- 7 %) har òg færre søkjarar enn i fjor.

Etterspurde statistikkar

Fleire statistikkar, til dømes kva for studium som har flest fyrstevalsøkjarar, flest fyrstevalsøkjarar per studieplass og søkjarar fordelt på lærestad finn de på:

www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall

Vidare plan for offentleggjering av statistikk finn de i informasjonsplanen for Samordna opptak:

www.samordnaopptak.no/info/om/sokertall/informasjonsplan/index.html

Kontakt lærestadene:

www.samordnaopptak.no/info/kontakt/Kontakt-lerestedene/

Kontakt Samordna opptak:

<http://www.samordnaopptak.no/info/kontakt/kontakt-media/>